

## Skal dela ut 5 millionar



Foto: Kristian Hus/HusnesNett.

**Under den ekstraordinære generalforsamlinga i Uskedalen  
beslutta SpareBank 1-stiftinga å dela ut 5 millionar kroner  
til ålmennyttige føremål dei neste 6-8 månadane.**

**Utdelinga vil verta lyst ut i starten av oktober med søknadsfrist  
31. oktober. I haust skal det delast ut 2,5 millionar og til våren  
same sum.**

Generalforsamlinga valte Ingvill Gåsmyr Sæberg som ny leiar etter  
Leohnard Eik frå Uskedalen (biletet), som døydde i sommar. Han vart minna  
med eitt minutts stille.

Han var leiar av forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank i mange år og leidde  
generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga då han gjekk bort.